



SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 19/144 -
Arkivkode: 212

Sakshandsamar: Aud Kaldefoss

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 11/19	TENESTEUTVALET	12.03.2019

UTVIDING TIL 5 DAGARS SKULEVEKE

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

I samband med kommunestyre si handsaming av budsjett og økonomiplan 2019-2022 vart det gjort slikt vedtak:

«Det skal startast arbeid med å legge om skuledrifta i barneskulen til 5 dagers skule»

I samband med innsending av skuleruta for 2019-2020 vart Skyss informert om at Tysnes kommune ser føre seg å innføra 5 dagers skuleveke for alle med verknad frå skuleåret 2020/2021. Skuleruta for dette året skal vedtakast innan mars same år, normalt har tenesteutvalet skuleruta til handsaming i siste haustmøte sitt. Ut frå at ein overgang til 5 dagers skuleveke inneber ei større endring ser me det som viktig å gjennomføra ein brei høyring så tidleg som mogleg.

Organisering av skuleåret i Tysnes

Tysnes kommune har løyst undervisningstida på ulike måtar opp gjennom åra, alt etter korleis timetalet for dei einskilde klassane har endra seg.

Timetalet no er nasjonalt fastsett til 182,3 timar pr. veke 1.-7. klasse. Tysnes kommune har løyst dette ved å ha 183 skuletimar pr. veke. Dette er fordelt slik:

1.-2. klasse 24 timar pr. veke

3.-7. klasse 27 timar pr. veke

Det er ulike måtar å fordela dette timetalet på, men alle skal ha fått sitt timetal innan utgangen av 7. klasse.

Ser vi på utviklinga har småskuletrinnet gått frå 3 dagars skuleveke til 4 dagar. Mellomtrinnet har hatt ulike løysingar på den einskilte skule, det var opp til skulen og bestemta innanfor eit gitt timetal.

Dei siste åra har me i heile kommunen hatt 4 dagars skule for 1. og 2. klasse, og 4,5 dagars skule for 3.-7. klasse, med fri ein dag annakvar veke.

Årsaken til dette har vore krav frå Skyss med å samla undervisningstida på ein slik måte, at det utløyste minst mogleg trong for transport kvar dag. Ein stor del av elevane i Tysnesskulen har rett til fri skuleskyss, i 2017 hadde heile 77,8 % av elevane rett til skuleskyss. .

Innretninga me har i dag med undervisningsfrie dagar, kan gje utfordringar for den einskilte familie og for samfunnet elles.

Ein tenkjer difor å senda forslag om endring ut på høyring. Her er det naturleg at FAU og SU ved den einskilte skule vert høyringsinstans. Ut frå at endringa er så stor vil me også leggja framlegget ut til ei open høyring slik at dei som har barn som ennå ikkje har starta i skulen får høve til å uttale seg.

Døme på timetal ved 5 dagars skuleveke:

1. og 2. klasse: 24 timar (to dagar til 14.00. tre dagar til 12.00)

3. og 4. klasse: 26 timar (tre dagar til 14.00, to dagar til 12.00)

5.-7. klasse. 28 timar (fire dagar til 14.00, ein dag til 12.00)

Dette gjev 1 time i overskot i forhold til pålagt timetal. Dette kan løysast t.d. ved at eit klasstrinn får ein time mindre. T.d. kan 1. klasse slutta kl. 13.00 ein dag i staden for kl. 14.00. Det vil truleg utløysa ein gratis SFO time for elevane. Slik oppsettet er overfor, sluttar alle kl. 12.00 og 14.00. Me tenkjer det er urealistisk med fleire sluttidspunkt, grunna skuleskyss.

Økonomiske konsekvensar:

Me kan ikkje sjå store økonomiske konsekvensar med å endra skuletilbodet til 5-dagars veke. Dei vil å så fall vera marginale. T.d. kan me enda opp med å gje ein skuletime meir i eit av skuleåra, enn det som er pålagt. Dette har me høve til, me kan auke timetalet, men ikkje redusera det. Me kan og løysa den overskytande timen ved å gje t.d. ein time gratis SFO-tilbod til 1. klassen pr. veke.

Pedagogisk fagleg vurdering:

Timetalet vert det same, men ein får fleire dagar å leggja undervisninga på. Det er positivt med kortare skuledagar, det kan vera krevjande å ha full merksemd over ein lang skuledag og utbyte av undervisninga bør såleis bli betre. Ein har og moglegheit med å fordela fag over

fleire dagar i veka, noko som vil vera med på å auka læringstrykket i fag/emner som skal jobbast med kontinuerleg (t.d. leseopplæring).

Det vil og vera lettare å organisera undervisninga m.o.t. personale, når ein har fleire dagar i veka å fordela undervisninga over.

Konsekvensar for SFO:

SFO-tilbodet må truleg aukast, dersom 5-dagars veke vert gjennomført. Dei yngste elevane vil slutta skuledagen kl. 12.00 fleire dagar i veka, og truleg vil fleire ha trong for SFO-tilbod.

Med auka kapasitet på SFO ser me føre oss eit betre og utvida SFO tilbod. Dette vil gje nokre økonomiske konsekvensar. Sjølv om SFO i utgangspunktet skal/kan vera sjølvfinansierande, går ein del av kommunen sine midlar til å oppretthalda og driva SFO. Med fleire elevar og auka tilbod vil inntektene frå foreldrebetaling stiga, men utgiftene vil truleg auka meir enn dette.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Tysnes kommune legg framlegg om overgang til 5 dagars veke for alle skuleborn ut til open høyring.

Det vert i utgangspunktet lagt opp til ei slik prinsippskisse for organisering av skuledagen for ulike klasstrinn:

I. og 2. klasse: 24 timar (to dagar til 14.00. tre dagar til 12.00)

3. og 4. klasse: 26 timar (tre dagar til 14.00, to dagar til 12.00)

5.-7. klasse. 28 timar (fire dagar til 14.00, ein dag til 12.00)

Deltajar vert avklara i samband med alminneleg vedtaksprosessar knytt til skuleruta.

Høyringsfrist vert sett til 6 veker etter utlegging.

VEDTAK I TENESTEUTVALET 12.03.2019:

I samsvar med innstilling.